



Arkoconsult AS
Postb. 103, HTB-bygget5291 VALESTRANDSFOSSEN
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar: Tom Andre Sivertsen
Vår: 15/306 - 15/3168

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

18.02.2015

Tilbakemelding på førespurnad - eigedom 23/106 - Løypetona

Me viser til dykkar førespurnad av 2.2.2015, og til vårt tidlegare referat av 3.10.2014, sjå vedlegg.

De har sendt oss ei skisse som syner at De ynskjer at eigdommen skal delast i to bustadtomter, og skissa syner vidare to einebustader på eigedom 23/106. De oppgjev ikkje kva utnyttingsgraden vil verte på dei to bustadtomtene.

I vårt møte 2.10.2014 orienterte administrasjonen om at det på eigedom 23/106 kan byggjast 1 einebustad eller 1 tomannsbustad. Administrasjonen orienterte vidare om at bygginga må planleggjast innanfor byggjegransa i planen og med ein utnyttingsgrad på BYA= 17 %.

Skissa som De syner er såleis ikkje i samsvar med reguleringsplanen.

Administrasjonen orienterte i førre møte om at varig endring etter administrasjonen sitt syn, vil utløyse krav om endring av reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14. Endringa som De skisserer vil likevel ikkje føre til auke i tal på bueiningar, og endringa kan truleg behandlast som ei mindre endring med ei avgrensa høyring/ettersyn.

Det er viktig at De ved endeleg utarbeiding av plankart, m.a. syner god tilkomst, syner byggjehøgder og høve til å snu på eiga tomt. Elles lyt utnyttingsgraden førast på plankartet.

Dersom De ynskjer eit møte ang. saka så kan me ha det.

Ta kontakt ved spørsmål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppsummering etter møte - mulig utnytting av eigedom 23106 i Løypetona (L)(26950)

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postb. 103, HTB- 5291
bygget5291
VALESTRANDSFOS
SEN

VALESTRANDSFOSSEN